

# Tim Rishton held konsert i Vereide kyrkje

Søndag kveld held den kjende organisten Tom Rishton konsert i Vereide kyrkje. Ved sida av Rishton sitt orgelspel, kan ein også høre Vereide Kyrkjekor framføre "Bli hos oss" av Egil Hovland.

Tim Rishton vil m.a. spele vakre stykke av Franz Schmidt og Ralph Vaughan Williams, og han vil spele artige stykke som "Alver" av Joseph Bonnet og ei humoreske av Pietro Yon. Han vil sjølv fortelje litt om dei stykkene han spelar.

Tim Rishton har studert med Susi Jeans frå Wien og ved universiteta i Wales, Manchester og Reading, der han tok doktorgrad i 1700-tals musikk. Her vann han alle 1. prisane i orgelspel og seinare var han tilsett som lektor i orgel- og kyrkjemu-

sikk, samt domkantor.  
Rishton har gjeve konsertar i mange land, med ulike orgelverk som strekkjer seg frå Poulencs orgelkonsert til britiske 1700-tals konsertar, frå Bach sine komplette orgelverk i Skandinavia til Frantz Schmidt-kveld i Royal College

of Organists i London, og frå John Stanley sine komplette orgelverk i St Giles kyrkje i Londons Barbican til skandinavisk musikk under Nordlands festivalveke. Han har gjeve föreläsningar og Master Classes på både engelsk, walisisk og norsk ved mange universitet og musikkhøgskular, nokre av desse er sendt på radio og TV. Rishton opptrer regelmessig på radio og fjernsyn i fleire land, m.a. i NRK og BBC. Han har også spelt inn to soloplater og ein del andre plater i samband med diverse artistar.

Ifjor ga han ca. 90 orgelkonsertar i fem land, i tillegg til mykje anna. Rishton har ein enkel filosofi når det gjeld konsertar: han vil at alle skal ha det artig og ynskje å kome tilbake ein annan gong. Difor blir det eit lett og variert program, presentert av Tim med ei kåseripregda skildring av musikken.

**Den kjende organisten Tim Rishton spelar i Vereide kyrkje søndag kveld.**

